



SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE

Fylkesrådmannen

Sakshandsamar:

Svein Hågård

E-post: Svein.Hagard@sfj.no

Tlf.: 57638151

Vår ref.

Sak nr.: 16/5560-56

Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.

38728/16

Dykkar ref.

Dato

LEIKANGER, 15.11.2016

Havilafjord AS/Havila Holding AS
Mjølstadneset

6092 FOSNAVÅG

Att: Per Sævik og Vegard Sævik

Vedkomande Havila Shipping ASA

Sogn og Fjordane fylkeskommune registrerer med bekymring at det er reell fare for at Havila Shipping ASA kan gå konkurs. Vi vonar det lét seg gjere å berge mest mogleg av dei betydelege verdiane og arbeidsplassane Havila-konsernet har bygd opp. Ingen kunne sjå føre seg dei vanskane som har ramma offshore-næringane på Vestlandet og vi vonar alle at det snart ventar betre tider.

Vi har ei tid vore kjende med vanskane i Havila Shipping ASA og fekk i samband med forhandlingane i august i år om salet av aksjane i Fjord1 AS forsikringar om at vanskane i Havila Shipping ikkje vil påverke Havilafjord AS og Havila Holding AS.

Fylkeskommunen har tillit til at dette framleis er tilfelle. For ordens skuld ber vi likevel om ei fornya stadfesting på at dei pågåande forhandlingane, eventuelle restruktureringar/omorganiseringar, og i verste fall konkurs, i Havila Shipping ASA, ikkje vil svekkje Havilafjord AS eller Havila Holding AS sine utsikter til å etterleve dei inngåtte avtalane med F1 Holding AS knytta til kjøpet av aksjane i Fjord1 AS, under dette sjølvskuldarnarkausjonen utferda av Havila Holding AS.

Med helsing

Jenny Følling
fylkesordførar

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift